



Referanser:
Dykkar:
Vår: 21/7897 - 21/76885

Saksbehandlar:
Ole Martin Bolset
ole.martin.bolset@alver.kommune.no

Dato:
16.11.2021

Svar på ønskje om nytt rettleiingsmøte ang. utvikling for Oterdalen

15.11.2021 fekk Alver kommune ein henvendelse, frå Multiconsult ASA på vegne av Alver tomteselskap AS. Denne henvendelsen viste til eit ønskje om eit nytt avklaring-/rettleiingsmøte ang. mogleg utvikling av Oterdalen, felt B8 i kommunedelplan for Knarvik-Alversund med Alverstraumen 2019-2031 (KDP-KAA).

Multiconsult legg fram at målsettinga med dette møtet er å avklare med administrasjonen om det kan gjerast unntak frå følgjande krav i KDP-KAA sine føresegn punkt. 2.2.2 (understreka):

«Det må undersøkast om det er marin leire i grunnen og dokumenterast at områdestabiliteten vert bevart. Fare ved transport av farleg gods skal utgreiast. Alle delområda for B8 skal inngå i reguleringsendring av planen Felt E Såta, med planID 1263-19831605. Felles leikeplass for alle bustadene som ligg innanfor denne reguleringsplanen (Såtaplanen) skal dekkast innanfor eit av delområda for B8.»

I førre rettleiingsmøte, avhalde 17.09.2021, vart det lagt fram at administrasjonen ikkje kan ta stilling til ein slik førespurnad utan at det er grunngeve og vurdert kvifor ein skal kunne gjere unntak frå kravet vist til over. I møtet vart det naturleg å tenke at neste steg ville vere eit planinitiativ. Det vart dermed sagt at denne grunngevinga og vurderinga burde vere illustrert i eit planinitiativ, slik at administrasjonen kan ta stilling til dette ved eit oppstartsmøte.

Det er ein føresetnad for administrasjonen å ha eit meir heilheitleg bilete av prosjektet, samt ei grunngeving og vurdering, før ein kan ta stilling til spørsmålet til kravet om leikeplass. Dette heilheitlege biletet vil kunne komme ved utarbeiding av eit godt planinitiativ.

I skrivet sendt over 15.11.2021, er det vurdert at det vil vere fordyrande, og dermed vanskeleg å få gjennomført prosjektet om kravet står ved lag. Vidare er følgjande moglegheit framstillt:

«Kan ein tilby forbetring i leikeplasskvaliteten ved andre løysingar? Kan eksisterande ballplass utviklast til nærområdeleikeplass i staden. Kan ein ta delar av felt 1 og dermed oppfylle kravet utan å ta heile feltet?»

Forbetring av tilgrensande leikeplass/ballbane *kan* vere eit kvalitetshevande tiltak som *kan* påverke storleiken på leikeplass i tilgrensande område. Utan meir informasjon *kan* ikkje administrasjonen gje noko signal for vidare prosess. Administrasjonen har ikkje sett at ynskja tal bueiningar er illustrert i nokon av henvendingane, og det er ikkje gjort eit rekneskap på kor mykje uteopphaldsareal som vil verte naudsynt.

Det er ei samansett problemstilling. For å kunne ta i vare kvalitetane for området må administrasjonen ha meir grunnlag for å kunne rettleie vidare.

Administrasjonen ser ikkje at ein vil kunne ta stilling til spørsmålet om leikeplass i eit nytt rettleiingsmøte med det grunnlaget som ligg føre. Vi ser det derfor ikkje som hensiktsmessig å setje opp eit nytt møte før ein har eit grunnlag for vidare rettleiing.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Ole Martin Bolset
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.